



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellestråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 71171540  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no

## Møteprotokoll

**Utval:** Aukra sokne- og fellestråd  
**Møtedato:** Tysdag 18. september  
**Møtetid:** 19:10  
**Møtestad:** Kyrkjelydshuset

**Desse møte:**

Svein Løwe, Ingunn Hjelmås, Gro Merete Hoksnes, Jan Magne Breivik, Anja Helen Otterlei, Oddmund Varhaugvik, Eva-Beate Opskar Nybø, Geir Ove Tangen, Audhild Mork og Kristian Finn Risung

**Vidare møte:**

Frank Harald Vestad som sekretær (kyrkjevevje)

**Forfall meldt:**

Mette Myrseth Oterhals og Inga Sølvi Korsvik Melby

**Permisjon:**

Inger Kristine Kjellnes

**Innleiingsord:** Jan Magne Breivik

**Sakliste**

**Sak 12** Godkjenning av møtereferat frå møte av 28. august 2018

Spørsmål om å skilje mellom fellestrådssaker og soknerådssaker m.o.t. saksnr.

Sak 9 utsettast inntil gravferdsreglement blir behandla samtidig

**Godkjent.**

**Sak 13** Godkjenning av innkalling til møte

**Godkjent.**

**Sak 14:** Konfirmantundervisning

Det er reist spørsmål ved om konfirmantundervisninga bør evaluerast og endrast på noko da det blir færre konfirmantar år for år. Faktorar som kan verke inn er tidsklemme, aktivitetar og gjeremål.

AU behandla sak den 4. september. Det er allereie oppretta eit trosutval for soknerådet, men det tenkast likevel at det opprettast eige gruppe som det hastar å få i gang og få ei evaluering i frå.

**Innstilling frå AU til vedtak:**

Oppretta ein gruppe som evaluerer og ser på dette.

Forslag til gruppesamansetning saman med prest og trosopplærar:

Ingunn Hjelmås, Gro Merete Hoksnes, Mette Myrseth Oterhals, Anja Helen Otterlei, Inga Sølvi Korsvik Melby, Svein Løwe.

Forslag om å ta inn repr frå foreldre/konfirmant, ev. frå forrige kull.

Det eksisterer også et trosopplæringsutval som kan sjå på dette, ev. med repr. frå forr kull. Det kan lages til spørsmål slik at dei kan evaluere/svare på opplegget som har vore.

Utvalet bør få ein frist for å kome med forslag og tankar omkring konfirmantopplegget.

**Vedtak:** Einstemmig vedtak på at trosopplæringsutvalet innkalle til møte for å få vurdert/evaluert konfirmantopplegget. Vurderinga frå dette arbeidet må leverast på SR-møtet i november.

**Sak 15:** Oppretting av et utval som tek seg av design- og utsmykking i kyrkja og KLH

Saka kom opp som eventuelt post sist SR-møte, og fremma fram til neste SR-møte.

AU behandla sak den 4. september. Det er ønskeleg å opprette eit råd/utval som kan legge føring for alt av interiør, design og utsmykking for Kyrkja, Kyrkjelydshus og tilhøyrande bygningar. Det må vere personar som har ei interesse for dette, om dei tilhøyrar soknet eller også er utanfrå.

Det bør takast omsyn til soknet si økonomi og for at soknet skal vere «Grøn kyrkjelyd». Det er viktig at vi held oss innanfor økonomiske rammer, og at vi legg vekt på gjenbruk, men det bør vere ein tråd og stil for utsmykking og interiør, og i nokon tilfelle gjere nyinvesteringar til formålet. Det bør også avgjerast kva mynde utvalet skal få.

**Innstilling frå AU til vedtak:**

Oppretta eit råd/utval for interiør og utsmykking, og kome med forslag på namn til gruppesamansetninga. Det må også delegerast mynde.

Det eksisterer eit utval frå KLH vart bygd, men er ikkje aktiv no.

Kyrkjeverja kan sjekke ut andre kyrkjer/sokn korleis det blir praktisert der.

Eit slikt utval/komité er ikkje naudsynt før ev. nybygg eller rehabilitering av bygg er utført.

**Vedtak:** Det treng ikkje bli opprette eit eige utval/komité for dette.

**Sak 16:** Parkeringsplassar ved kyrkja for forflyttingshemma

Saka vart drøfta sist SR-møte, og det er sendt ut invitasjon til RFL (Rådet for likestilling for funksjonshemmede) om å møte nokon av oss til synfaring i forkant av SR-møte 18. sept.

RFL har ønske om at det opprettast ein eller to parkeringsplassar nærare kyrkja.

Vedlegg av e-post frå leiar i RFL i Aukra kommune, Katrine Rindarøy, samt tilhøyrande dokument.

Det er ilag med Katrine Rindarøy frå RLF gjort en befaring for å sjå på moglegheiter for HC parkering, og det beste alternativet er på kollen nedom port/kyrkje. Elles er det moglegheiter for parkering rett ved port på kvar side.

**Sak 17:** Eventuelt

I. Inga Sølvi søker om permisjon fra SR-møta frem til årsskifte.

**Vedtak:** Inga Sølvi Korsvik Melby får permisjon.

**Orienteringssaker:**

I. Tilbod frå Hallvard Huse vedr sakristi

Vi har fått tilbod frå Hallvard Huse på arkitektbistand for Sakristiet.

AU har drøfta dette og gjort slutning om at dette må avventast av omsyn til først få klarlagt kva økonomiske rammer soknet får frå kommunen.

Vedlegg av e-post og tilbod frå Huse, samt svar til Huse frå oss på dette.

II. Orientering om status i prosjekt og om forarbeid til budsjettmøte/dialogmøte med kommunen.

Frank Harald Vestad (sign.)  
Kyrkjeverje